



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 06.03.2014
Vår ref.: 2014/11299-2
Saksbehandlar: oysskar
Dykkar ref.:

Fråsegn kulturminne. Eikanger Øvre – gnr. 212, bnr. 6 - dispensasjon - jordplanering - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 27.01.2014 i høve søknad om jordplanering på Eikanger Øvre, gnr. 212, bnr. 6, Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i tiltaksområdet. I samband med reguleringsplan for næringsparken øst for tiltaksområdet, gjennomførte Hordaland fylkeskommune i 2012 ei arkeologisk registrering. Det var ikkje påvist nye funn i området. Vi har ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på at tiltakshavar har plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom det i samband med tiltaket skulle framkome automatisk freda kulturminne.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Øystein Skår
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.